



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 13.12.2023: Jordbruket på Vestlandet i 2022

Auke i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2022

Vestlandsbonden fekk ei jordbruksinntekt på 395 400 kroner per årsverk i 2022, ein auke på kr 16 700 frå 2021. På landsbasis auka jordbruksinntekta med kr 89 800, til kr 492 900 per årsverk frå 2021.

Mjølkebruka på Vestlandet auka inntekta med 10,5 prosent samanlikna med året før. Gardsbruka med sau hadde ein auke i inntekta på 7 prosent. Frukt- og bærprodusentane hadde ein nedgang på 25 prosent grunna lågare avlingar enn året før.

Auke for mjølkebonden

Mjølkeprodusentane fekk ein auke i inntekta si med 10,5 prosent frå 2021 til 2022, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 425 200 per årsverk. Ein auke i mjølkeprisen på 42 øre/liter saman med auke i kjøtpris var viktige årsaker i til auke i husdyrinntektene. Bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau, fekk ein auke på 6 prosent.

Storfekjøtt og sau opp

Bruka med kjøttproduksjon på storfe hadde ein auke i jordbruksinntekt på 12 prosent samanlikna med 2021. I gjennomsnitt fekk desse produsentane ei inntekt på kr 254 400 per årsverk i 2022, ein auke på kr 27 900 per årsverk.

For sauebruka var gjennomsnittleg jordbruksinntekt på kr 189 200 per årsverk, ein auke på kr 11 800.

Frukt- og bærproduksjon hadde nedgang

For frukt- og bærprodusentane vart 2022 eit år med mindre avlingar enn 2021. Jordbruksinntekta gjekk ned med 25 prosent frå 2021 til 2022, og vart kr 413 600 per årsverk.

Høge investeringar, auka rentekostnader, men uendra gjeld.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka gjekk ned i 2022. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 103 000 i 2022 mot kr 177 000 året før. Nettoinvesteringane for landet låg på kr 227 000. Rentekostnadene auka med 27 prosent på Vestlandet.

Jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget vert fastsett i jordbruksoppgjeret. For 2022 var maksimalt frådrag kr 195 000. Inntektsverknad av jordbruksfrådrag er rekna til kr 36 300 per årsverk for 2022. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 438 600, ein auke på 21 prosent frå 2020.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2022 var det med 908 bruk, der 188 var frå Vestlandet; 129 frå Vestland fylke og 59 frå Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58552/992 61920

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no

Håvard Rønningen Graarud

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 412 84067

E-post: haavard.graarud@nibio.no